



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
17/16748-12

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.08.2018

Ny driftskontrakt Nordfjord for perioden 2019–2024

Vi viser til vårt brev av 6.2.2018 Driftskontraktar med planlagt oppstart i 2018. Her viste vi til at nokre planlagde utlysingar av driftskontraktar med oppstart i 2018 måtte utsetjast i påvente av konsekvensar av regionsreforma. Det gjaldt mellom anna driftskontrakt 1403 Nordfjord.

Hovudutval for samferdsle handsama 27. juni 2018, sak 27/2017 Ny driftskontrakt for Nordfjord og Ytre Sunnfjord 2018 – 2023.

I saksframstillinga står det m.a. side 3 under Endringar i vegnettet:

«Stortinget har vedteke at Hornindal kommune og Volda kommune skal slå seg saman og leggjast til Møre og Romsdal. Vi tek høgde for at fylkesvegane i Hornindal vert registrert slik at dei eventuelt kan takast ut av kontrakten. E39 frå Kjøs til Kvivstunnelen vil og bli registrert slik at den kan takast ut av kontrakten.»

Nordfjordkontrakten er no klar for utlysing. Kontraktperioden startar 1. september 2019. Hornindal kommune skal slåast saman med Volda kommune, og inngå i Møre og Romsdal fylkeskommune frå 1.1.2020. Vi har kome til, i samråd med Statens vegvesen Region midt, at det er praktisk å overføre driftsansvaret for vegane i Hornindal til Indre Sunnmørekontrakten i samband med at Nordfjordkontrakten og Indre Sunnmørekontrakten blir lyst ut no.

Drifta i perioden 1.9.2019 til 31.12.2019 vil bli gjort opp mellom fylka ved at vi betalar Møre og Romsdal fylkeskommune for drifta i desse 4 månadene.

Dette til orientering.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.